

## Referat frå styremøte på Gol 23.10.2010

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Eva Høydal, Lars Olav Vanberg, Eli Berge Ness.

### Sak 35/10 Referatsaker

- Det er oppretta eigen konto for særskilde tiltak i regi av fylkeslaget. Det er sendt ut brev til lokallag og sankelag om oppretting av kontoen om nokon ønskjer å betale inn pengar.
- Bot for felling av jerv. Saueeigaren i fylket som skaut ein jerv under direkte angrep på sau, er idømt bot og sakskostnader. Både SFSG og NSG stiller med midlar for å vere med å dekke kostnadane.
- Alvelddag. Samla kostnader kr 11.883,- Eli skriv rapport og ordnar med å få pengane utbetalte, i samsvar med vedtak frå Fylkesmannen.
- Styremøte, Reset. Ein betaler no for maten når ein har styremøte på Reset. Det enklaste er at styremedlemmane betalar maten sjølve. Ein nyttar då reiserekningsskjema for møte der SFSG ikkje dekkar maten.
- Samling nye småfeholdarar. Eli har sett opp program og ordna med annonsering. Det er 21 påmelde frå heile fylket til samlinga.
- Gjetarhund. Halvar kallar gjetarhundnemnda og Ragnhild inn til møte førstkomande laurdag eller i første halvdel av november.
- Arbeidsgruppa som arbeider med marknadsføring av kjekjøt stilte på Bondens Marked i Førde. Kjempesuksess, smaksprøvene forsvant i full fart, og alt kjøtet ein hadde med for sal vart selt. Eva og Leif har gjort ein god jobb.
- Fjøskskular. Samarbeidsprosjekt mellom veterinær i Førde, Animalia, Fylkesmannen og SFSG.  
I første runde blir det eit proveprosjekt der to lokallag blir inviterte til å vere med å få i gong fjøskskular. Jølster og Sogndal har takka ja. Gjennomføring i januar/mars 2010.
- Annonse samling nye småfeholdarar. Det er søkt om midlar til samlinga frå fylkeskommunen, men ein må setje inn annonse før ein veit om ein får midlar. Signala frå fylkeskommunen er positive. Fylkesmannen har sagt at dei kan vere med og dekke halvparten av kostnadane om ein ikkje får anna tilskot, SFSG må då ta den andre halvparten.

### Sak 36/10 Frie feittsyrer

Det har gått ut skriv til geitmjølkprodusentane om endra kvalitetsbetaling for geitmjølk.

Fylkeslaget har blitt kontakta av produsentar som meiner dette vedtaket kjem altfor raskt.

Dei understrekar også at vedtaket byggjer på berre delar av nye forskningsresultat, og kjem så tidleg at ein ikkje kan sjå resultat av endring på kvalitet gjennom arvelege eigenskapar. Det er også kommentert at framlegget ikkje har vore ute på høyring.

Vedtak: Eva arbeider vidare med saka, og held resten av styret orientert.